



	<p><b>Undringssamtale er ein samtale med føresette når ein vert oppmerksam/uroa for eit barn eller omgivnadane kring barnet.</b></p> <p>Denne samtalet haldast så raskt som mogleg etter merksemda/uroa har oppstått.</p> <p><b>Fokus på tidleg dialog og involvering.</b></p>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjennomførast så tidleg som mogeleg</li><li>• Fordi saker er ulike vert denne samtalet ofte ulik frå sak til sak. Her vert skjønn viktig. Samtalet kan være:<ol style="list-style-type: none"><li>a. ein planlagt og innkalla samtale.</li><li>b. ein kort og uformell samtale, for eksempel ved henting/levering eller på telefon.</li></ol></li><li>• Undringa bør være konkret (kva er det som faktisk er sett, høyrt, observert...)</li><li>• Skal være ein samtale der personalet ikkje har nokon «fasit» eller haldning til korleis saka er, men meir ein undrande samtale (kva kan det skuldast at...?)</li><li>• Skal være ein samtale der personalet raskt kjem til saka, fortel kort om kva dei undrar seg over og spør foreldra kva dei tenkjer om dette.</li></ul>
	<p><b>Forslag til struktur:</b></p>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Velkommen</li><li>2. Kort om bakgrunn for samtale</li><li>3. Be foreldra om innspel på kva dei tenkjer om det dei høyrer</li><li>4. Utforsk saman med foreldra kva observasjonen botnar i</li><li>5. Vert einige om mål og vurderingstidspunkt (Kva vil vi sjå? Når?)</li><li>6. Vert einige i kva som skal gjerast i første omgang</li><li>7. Tiltak</li></ol>
		<p>Etter ein slik samtale held «stafetthaldaren» (den som har gjennomført samtalet) tak i merksemda/uroa.</p> <p>Er det ikkje grunn til vidare merksemde vert saka avslutta.</p>